



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 28.12.2018  
Vår ref: 14/01840-28  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Hillesland/Skjenet i Karmøy kommune. Tiltakshavar: Karmøy Naturstein AS.**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon, datert 21. november 2014.

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

DMF tildeler Karmøy Naturstein AS, org. nr. 977 179 270, heretter kalla «tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell/naturstein i Hillesland/Skjenet på del av eignedomane gbnr. 48/1 og 48/9, samt heile eigedomen gbnr. 48/39 i Karmøy kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på om lag 83 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Hillesland i Karmøy kommune» produsert ved DMF den 9. oktober 2018.

Etter reguleringsplan for «Del av gnr. 48, bnr. 1 og 9, Hillesland», vedteken i kommunestyret den 28. mars 2000, er området regulert til steinbrot.

I reguleringsplanen er område for steinbrot 68,4 daa stort. DMF gjer i samband med dette merksam om at tiltakshavaren har søkt om driftskonsesjon for eit større område enn det som pr i dag er regulert til steinbrot.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:



## **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 370 000,-, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 342 500,-, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Andre vilkår**

- Dimensjonering av reinseanlegg/sedimentasjonsbasseng må være tilstrekkeleg til å sikre at Hilleslandsvatnet ikkje vert påverka av utslepp av prosessvatn frå steinbrotet, samt at verksemda skal dokumentere effekten av tiltaket.
- Tiltakshavaren kan ikkje drive på dei delane av konsesjonsområdet som ligg utanfor gjeldande reguleringsplan, utan løyve frå kommunen.
- Den regulerte føremålgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Hillesland/Skjenet. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Haugaland Kraft Nett AS, Karmøy kommune, Fylkesmannen i



Rogaland, Rogaland Fylkeskommune, Statens vegvesen Region vest, NVE Region sør, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, samt andre høyringsinstansar slik det framkjem av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 9. oktober 2018 til 6. november 2018.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap:

DSB hadde ingen merknader til søknaden om driftskonsesjon.

DMF sine kommentarar:

*DMF har teke høyringsinnspellet til etterretning.*

Norunn og Jakob Vea:

Veas viser i sitt høyringsinnspel til at dei ikkje er imot at Karmøy Naturstein AS får driftskonsesjon. Dei har likevel nokon merknader knytt til drifta. Dei peiker på at støy frå uttaket ofte er sjenerande på deira eigedom. I samband med dette ber dei om at konsesjonen avgrensar arbeidstida for uttak og knusing av stein til vanleg arbeidstid og at det ikkje tillates knusing av stein i helgene. I tillegg ber dei om at stat og kommune sikrar at føretaket gjer tiltak som er naudsynt for å hindre avrenning av leire og sand til Hilleslandsvatnet. Dei peiker på at vatnet allereie har for mye tilsig av organiske stoffar og mineralar.

DMF sine kommentarar:

*Når det gjeld støy viser DMF til reguleringsføresegnene punkt 6.1.8 som seier at støybelastninga frå verksemda ikkje skal overstige 50 dBA ekvivalent støynivå målt utandørs ved husfasaden og 30 dBA ekvivalent støynivå innvendig. I det tilfelle at støyen medfører ulempe for bustadene i nærleiken, framkjem det av reguleringsføresegnene at kommunen etter ei nærare vurdering og ved bruk av skjønn, kan fastsette andre grenser for støy for verksemda. DMF viser også til at forureiningsforskrifta § 30-7 har eigne føresegner knytt til støy, og at når det gjeld støy frå sprenging er dette en eigen føresegn i § 30-8. Sprenging kan berre skje måndag til fredag kl. 07:00 – 16:00. Naboane skal varslast om når sprenging kan finne stad. Dersom de meiner at desse føresegna ikkje blir overhalde, oppmodar DMF om at de tek kontakt med Fylkesmannen som har sanksjonsmynde når det gjeld brot på forureiningsregelverket. For merknadane knytt til avrenning av leire og sand, viser DMF til at reguleringsføresegnene pkt. 6.1.10 også omtaler dette. Ifølgje føresegnene skal det sikrast at framtidig vannsig blir fanga opp av avskjerande dreneringsledning/grøft som skal føre avrenninga til sedimentasjonsbasseng. Utslipp til vann er også regulert i forureiningsforskrifta § 30-6 og § 30-9 bokstav b). DMF føreset at tiltakshavaren orienterar seg om kva for grenseverdier de har å etterleve etter forureiningsregelverket og legg til grunn at de følgjer opp med målingar slik de er pålagde. Vi viser også til at det er stilt vilkår med omsyn til avrenning i punkt 2.4 i vedtaket.*

Rogaland fylkeskommune:

Fylkesrådmannen viser til at de har vurdert søknaden som sektormyndigheit innafor kulturminnevern. Dei har ingen merknader til at det blir gjeve driftskonsesjon, såfram tiltaket ikkje kjem i konflikt med kulturminneverdiar i området.



DMF sine kommentarar:

*DMF har teke høyringsinnspelen til etterretning. Vi minner tiltakshavaren om meldeplikten i kulturminnelova § 8 første og andre ledd.*

Arne Morten Rosnes og Ellen Vea Rosnes:

Rosnes peiker først og fremst på at det som utgangspunkt ikkje er ønskeleg med et uttak av stein/mineral i nærleiken av deira eigedom. Dei har likevel forståing for at Karmøy Naturstein AS bidreg til næringsutvikling og verdiskaping i området. Dei er ikkje imot at det blir gjeve driftskonsesjon. Likevel peiker deg på at stat og kommune må sikre at verksemda gjer det som er naudsynt for å hindre avrenning av leire og sand til Hilleslandsvatnet, da vatnet allereie har for mykje tilsig av organiske stoffar og mineralar. I tillegg skriv dei at støyen frå verksemda ofte er sjenerande for dei på eigedomen deira. Knusing av stein er spesielt støyande. Dei ber om at konsesjonen avgrensar arbeidstida for uttak og knusing av stein til ordinær arbeidstid og at det ikkje tillates om kveld og i helgene.

DMF sine kommentarar:

*Når det gjeld støy viser DMF til reguleringsføresegnene punkt 6.1.8 som seier at støybelastninga frå verksemda ikkje skal overstige 50 dBA ekvivalent støynivå målt utandørs ved husfasaden og 30 dBA ekvivalent støynivå innvendig. I det tilfelle at støyen medfører ulempe for bustadene i nærleiken, framkjem det av reguleringsføresegnene at kommunen etter ei nærare vurdering og ved bruk av skjønn, kan fastsette andre grenser for støy for verksemda. DMF viser også til at forureiningsforskrifta § 30-7 har eigne føresegner knytt til støy, og at når det gjeld støy frå sprenging er dette en eigen føresegn i § 30-8. Sprenging kan berre skje måndag til fredag kl. 07:00 – 16:00. Naboane skal varslast om når sprenging kan finne stad. Dersom de meiner at desse føresegna ikkje blir overhalde, oppmodar DMF om at de tek kontakt med Fylkesmannen som har sanksjonsmynde når det gjeld brot på forureiningsregelverket. For merknadane knytt til avrenning av leire og sand, viser DMF til at reguleringsføresegnene pkt. 6.1.10 også omtaler dette. Ifølgje føresegnene skal det sikrast at framtidig vannsig blir fanga opp av avskjerande dreneringsled ning/grøft som skal føre avrenninga til sedimentasjonsbasseng. Utslipp til vann er også regulert i forureiningsforskrifta § 30-6 og § 30-9 bokstav b). DMF føreset at tiltakshavaren orienterar seg om kva for grenseverdier de har å etterleve etter forureiningsregelverket og legg til grunn at de følgjer opp med målingar slik de er pålagde. Med tanke på avrenning og sedimentasjonsbasseng, viser DMF til at det er stilt vilkår knytt til dette i punkt 2.4 i vedtaket.*

Fylkesmannen i Rogaland:

Fylkesmannen handterer fleire tema i sitt høyringsinnspel. Når det gjeld forureining viser fylkesmannen til gjeldande reguleringsplan og at denne har satt krav til driftstid samt grenseverdier for støy. Fylkesmannen viser til at i og med at tiltakshavaren knuser noko steinmasse til pukk, vil dei sjølvberande vilkåra i forureiningsforskrifta kapittel 30 gjelde for verksemda. Vidare peiker fylkesmannen særleg på grenseverdiane for utslepp av støy, støv og suspendert stoff til vatn. Der det er fastsett ulike grenseverdier i reguleringsplan og forureiningsforskrifta, er det dei strengaste krava som gjeld for verksemda. I tillegg viser fylkesmannen til at dersom brotområdet vert utvida med ny reguleringsplan, skal meldeskjema etter forureiningsforskrifta § 30-11 sendast inn. For naturmangfald viser Artskart eller Naturbase ingen konkrete funn eller registreringar innanfor området som vert omfatta av søknaden. I nærleiken av uttaksområdet er registrert funn av den sterkt trua fuglearten vipe. Fylkesmannen ser det ikkje naudsynt



med særlege avbøtande tiltak av omsyn til arten. Myrhauk nyttar området nær Hilleslandsvatnet som trekk, men dette er ifølgje fylkesmannen lite relevant med tanke på drifta i steinbrotet. Når det gjeld avrenning til Hilleslandsvatnet er vannførekomsten registrert som «rik kulturlandskapssjø» og er registrert som «svært viktig». Ifølgje fylkesmannen er førekomsten oppgitt som mogleg påverka av slamtilførsel frå steinbrotet, og difor er eit aktuelt tiltak å redusere slamførselen frå steinbrotet. Fylkesmannen er ikkje kjent med i kva grad slamtilførselen påverkar tilstanden i Hilleslandsvatnet, eller om konsentrasjonen overstig grenseverdiane i forureiningsforskrifta § 30-6. I samband med dette ber fylkesmannen om at det stillast vilkår om at dimensjonering av reinseanlegg/sedimentasjonsbasseng må være tilstrekkeleg til å sikre at Hilleslandsvatnet ikkje vert påverka av utslepp av prosessvatn frå steinbrotet, samt at verksemda skal dokumentere effekten av tiltaket. Fylkesmannen har også belyst tema kring landskap og tilbakeføring i sitt høyringsinnspel. I og med at tiltakshavaren planlegg å ha ein større del av brotområdet ope, peiker fylkesmannen på at området vil vere meir sårbart for avrenning av slam til Hilleslandsvatnet, særleg ved store nedbørmengder på kort tid. Fylkesmannen har difor oppmoda DMF om å sjå på kor vidt det lar seg gjere å krevje ein i større grad trinnvis tilbakeføring av området, enn det driftsplanen legg opp til.

DMF sine kommentarar:

*DMF har teke høyringsinnspelen til etterretning. Når det gjeld vilkår knytta til dimensjonering av reinseanlegg/sedimentasjonsbasseng viser DMF til at dette er teke med som ein del av konsesjonsvilkåra jf. vedtaket punkt 2.4.*

*DMF har sendt Rogaland fylkeskommune sitt høyringsinnspel til tiltakshavaren for uttale. Tiltakshavaren sitt svar er vedlagt dette vedtaket i sin heilskap og DMF viser til deira utgreiing. Vi meiner at tiltakshavaren svarar ut merknadane på ein tilfredsstillande måte.*

Karmøy kommune:

Kommunen viser til høyringsbrevet kor det visast til at omsøkt område er større enn det som er avsett i gjeldande reguleringsplan og at dette er underbygd med ein argumentasjon knytt til at området er under regulering. I samband med dette peiker kommunen på at det den 23. november 2015 blei avhalde eit møte i samband med start av reguleringsarbeid. Vidare blei det i brev av 12. januar 2016 varsla start av arbeidet. Ifølgje kommunen har dei ikkje motteke noe meir dokumentasjon etter dette, og vurderer såleis ikkje planarbeidet som eit pågåande arbeid, då det har gått så lang tid. Kommunen peiker deretter på at ein planprosess er omfattande, og at det på den måten ikkje er mogleg å vite kva som kjem fram i løpet av ein slik prosess. Spørsmålet om det er greitt å gå ut over grensa i dagens reguleringsplan og kommuneplan, og kva for areal som då vil vere aktuelt, vil kommunen ikkje ta endeleg stilling til før spørsmålet blir teke opp og avklart i samband med et planarbeid.

DMF sine kommentarar:

*DMF har teke høyringsinnspelen til etterretning. Vi understreker at eit løyve etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna regelverk jf. minerallova § 5. Dette betyr at sjølv om tiltakshavaren får konsesjon for eit større område enn det som er regulert til steinbrot pr. i dag, har dei ikkje anledning til å starte uttak i dette området før kommunen har gitt løyve enten i form av ein dispensasjon eller ny reguleringsplan for utvidinga av området. Når det er sagt*



har DMF likevel vald å stille vilkår om at område som ligg utanfor gjeldande reguleringsplan ikkje kan drivast på utan løyve frå kommunen. Sjå vedtaket punkt 2.4.

Didrik Ragnar Opsal:

Opsal seier at tiltaket utløyser krav om konsekvensutgreiing. Han viser til at det ved arbeid med reguleringsplanen i 2000 blei lagt til grunn at det skulle vere eit midlertidig tiltak, med ein varigheit på mindre enn 10 år. I samband med dette meiner han at man nå, 8 år på overtid og med 50 års drift i framtida, kan si at utvidinga er mindre og at ei konsekvensutgreiing ikkje er naudsynt. Vidare etterlyser han tiltak for støyskjerm mot gbnr. 48/20 ved uttak i det utvida området mot vest. Opsal peiker også på at lagring og bruk av husdyrgjødsel må følgje gjeldande regelverk. Han meiner at sedimentasjonsbassenget slik det er i dag ikkje fungerer godt nok. Sjølv ved moderate nedbørsmengder blir Hilleslandsvatnet farga brunt. Han skriv at sedimentasjonsbassenget ikkje er godt nok no når heile området er avdekt. Ifølgje Opsal blir det i tillegg til skrotmasser frå brotet også teken imot massar utifrå i samband med opparbeiding av tilstøytande landbruksareal. Han meiner at det må stillast krav til at dei tilførte massane må vere reine og ikkje innehalde materiale som kan føre til forureining av Hilleslandsvatnet. Vidare peiker Opsal på at det berre bør vere lov å foredle uttekne massar frå brotet, slik at asfalt- og betongknusing ikkje bør vere lov. I tillegg framhevar han nokre punkter frå gjeldande reguleringsplan som han også ønsker at skal vidareførast i ny reguleringsplan, samt at de blir tatt med i driftsplan og driftskonsesjon. Han viser så til reguleringsplanen punkt 6.1.3 om at reguleringsføremålet etter avslutta drift skal bli landbruk. Vidare viser han til reguleringsplanen punkt 6.1.8 kor det på grunn av [REDACTED] ikkje skal sprengast mellom 25. mars og 15. april. I tillegg til at han ønsker vidareført føresegnene knytt til produksjon, om at det ikkje skal vere drift etter kl. 18 på kvardagar og at det ikkje skal vere drift på søndag og heilagdag.

DMF sine kommentarar:

*DMF har tatt høyringsinnspelet til etterretning. Høyringsinnspelet blei vidaresendt til tiltakshavaren for uttale. DMF vil i først presisere at det er kommunen som er planmynde og har ansvaret etter plan- og bygningslova jf. pbl. § 3-2. Spørsmålet om det skal gjennomførast en konsekvensutgreiing eller ikkje vil vere opp til kommunen ved et eventuelt reguleringsarbeid. For nærare kommentarar og vilkår knytt til drift av uttaket, storleiken på konsesjonsområdet og reguleringsplan viser vi til høyringssvaret til kommunen samt til vedtaket punkt 2.4. Når det gjeld mottak av massar kan ikkje tiltakshavaren deponere utan at dette er avklart med kommunen gjennom reguleringsplan. Ut ifrå gjeldande reguleringsplan er det ikkje opna for mottak av eksterne massar. Reguleringsføresegnene viser til at masse som skal nyttast i samband med tilbakeføring av området skal vere stedeegne. Det er opp til kommunen, fylkesmannen og eventuelt Miljødirektoratet å følgje opp eventuelle brot på forureiningsforskrifta eller dersom det deponerast forureina massar utan løyve. For merknadar knytt til kva for føresegner som bør vidareførast til ein eventuell ny reguleringsplan oppmodar DMF om at Opsal spelar dette inn ved ei eventuell høyring av reguleringsplan. Det er kommunen som åleine har mynde til å vedta kva for formål bruken av grunnen skal ha. Elles legg DMF til grunn at tiltakshavaren rettar seg etter og følgjer dei krav kommunen har lagt føringar på i gjeldande reguleringsplan. DMF har ikkje sanksjonsmynde etter plan- og bygningslova.*

*DMF har også sendt høyringsinnspelet frå Opsal til tiltakshavaren for utsjekk og kommentar. Tiltakshavarens tilsvar ligg vedlagt dette vedtaket og DMF viser til dette i*



*sin heilskap. Vi har teke tiltakshavaren sine svar til etterretning og meiner at desse svara er tilfredsstillande sett i lys av dei påpeikte punkta i høyringsinnspellet.*

Ingeborg Sørensen:

Sørensen skriv i sitt høyringsinnspel at då reguleringsplanen blei vedteken i 2000, blei dei lova at uttaket skulle vere avslutta seinast etter 10 år med drift. Ho poengterer at tiltakshavaren no har drive i 18 år og no søker om ei utviding av tiltaket. I tillegg viser ho til at det den gang blei bestemd at arbeidstida skulle vere frå kl. 07:00 til kl. 15:00, noko dei godtok. I samband med dette viser ho til gjeldande reguleringsføresegner som seier at arbeidstida er satt til kl. 18:00 på kvardagar, og at denne føresegna er ukjend for henne og at ho ikkje er blitt kontakta om denne endringa. Sørensen peiker vidare på at det er mykje støy i nærleiken av steinbrotet. Ho har ein fritidseigedom som har vore i familien i 90 år og er i bruk heile året. Vidare viser ho til at det ikkje er lagt vannledning langs Skjenavegen, slik at dei må ta med seg vatn heimafrå. Ho viser til at utslipp til vatnet ikkje skal skje, men reiser spørsmål om dette nokon gang er blitt kontrollert. Til slutt konkluderer Sørensen med at ho håper på eit resultat som kan betre utsiktane for familien hennar og ho sjølv for framtida.

DMF sine kommentarar:

*Når det gjeld merknadane knytt til reguleringsplan og reguleringsføresegner viser DMF til kommunen som rette mynde jf. plan- og bygningslova § 3-2. DMF minner tiltakshavaren om at reguleringsføresegnene set grenser for kor mykje støyande aktivitet som er tillat i brotet, samt at dei set eit ytre tidspunkt for arbeidstid (18:00) jf. føresegnene pkt. 6.1.8. Når det gjeld utslipp og avrenning til vatn har DMF teke inn vilkår i vedtaket punkt 2.4 med tanke på avrenning og etablering av sedimentasjonsbasseng.*

Statens vegvesen Region vest:

Statens vegvesen opplyser at det er satt i gang planarbeid for utviding av massetaket. Vidare viser vegvesenet til at steinbrotet har tilkomst frå Fv. 511 via Fv. 868 og kommunal veg Skjenavegen. Vurdering av behov for utbetring av fylkesveganlegget vil bli handsama i uttale til reguleringsplan. Utover dette hadde vegvesenet inga merknader til søknaden om driftskonsesjon.

DMF sine kommentarar:

*DMF har tatt høyringsinnspellet til etterretning.*

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det



blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale/avtalar med grunneigaren/grunneigarane for gbnr. 48/1, 48/9 og 48/39 i Karmøy kommune, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalane gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på om lag 83 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Hillesland i Karmøy kommune» produsert ved DMF den 9. oktober 2018.

Etter reguleringsplan for «Del av gnr. 48, bnr. 1 og 9, Hillesland», vedteken i kommunestyret den 28. mars 2000, er området regulert til steinbrot.

I reguleringsplanen er område for steinbrot 68,4 daa stort. DMF gjer i samband med dette merksam om at tiltakshavaren har søkt om driftskonsesjon for eit større område enn det som i dag er regulert til steinbrot.

### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.



Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på ca. 68 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 750 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 15 000 – 20 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i 3 etappar. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til primærnæring/anna næring.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Hillesland/Skjenet godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

#### **5.6 Kva kompetanse søkjaren har til å drive førekomsten**

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Knut Dale som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Tiltakshavar har vore i drift siden 1996. I steinbrotet tek dei ut stein av alle typar til ulike prosjekt. Dei leverar alt frå finknust grus og opp til store blokker på fleire tonn. Vidare kan tiltakshavar vise til at dei har eigen maskinpark som dei leiger ut, både med og utan mannskap. Tiltakshavaren har også eit eige mobilt knuseverk, som dei også kan leige ut. Ifølgje tiltakshavar har selskapet kompetanse som maskinførar, maskiningeniør, samt at tilsette kan vise til erfaring med drifta i steinbrotet, nokon



sidan oppstart i 1996. I tillegg viser tiltakshavar til at dei har avtale om innkjøpt av tenester knytt til sprenging.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7. Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket.

#### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte i oktober 2018) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Ifølgje planskildringa er ei verneverdig løsmasseavsetning innanfor planområdet regulert til spesialområde med vern kombinert med landbruk. Vidare viser planskildringa til at Hilleslandsvatnet er rekna som ein av kommunen sine viktige nøkkelbiotopar for ferskvann, på grunn av vatnets kvalitetar som viktig hekke-/trekk og overvintringsområde for and, gås og vadefuglar. I tillegg er vatnet ein nøkkelbiotop med tanke på det rike og varierte mangfaldet av planteartar som lever i ferskvatn. Planskildringa understreker derfor viktigheita av å sørge for at tiltaket ikkje vil medføre redusert kvalitet av vatnet og dermed skade livsgrunnlaget for det rike plante- og dyrelivet. Ut frå steinbrotet er det naturlig avrenning som samlast i ein bekk til vatnet. Langs bekken er det, ifølgje planskildringa, anlagt fangdammar for sedimentering av partiklar og forureining. Driftsplanen viser til at desse fangdammane har vist seg lite effektive ved storvassføring. Det er difor etablert større sedimentasjonsbasseng lengre nedstraums. Fangdammane og sedimentasjonsbassenga blir tømt ved behov.

Fylkesmannen i Rogaland har i sitt høyringsinnspel peika på problematikken knytt til avrenning til Hilleslandsvatnet. Vassførekomsten er registrert som «rik kulturlandskapsjø» og er kategorisert som «svært viktig». Ifølgje fylkesmannen er førekomsten oppgitt som mogleg påverka av slamtilførsel frå steinbrotet, og difor er eit aktuelt tiltak å redusere slamførselen frå steinbrotet. Fylkesmannen seier at dei ikkje er kjent med i kva grad slamtilførselen påverkar tilstanden i Hilleslandsvatnet, eller om konsentrasjonen overstig grenseverdiane i forureiningsforskrifta § 30-6. I samband med dette oppmoda fylkesmannen om at det skulle stillast vilkår om at dimensjonering av reinseanlegg/sedimentasjonsbasseng måtte vere tilstrekkeleg til å sikre at Hilleslandsvatnet ikkje vert påverka av utslepp av prosessvatn frå steinbrotet, samt at verksemda skal dokumentere effekten av tiltaket. DMF har etterkome fylkesmannen si oppmoding og har stilt vilkår om dette i punkt 2.4 i vedtaket.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.



Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast.

Ut ifrå det DMF kjenner til er det inga andre steinbrot eller andre uttak i nærleiken av det omsøkte området.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Ifølgje driftsplanen ligg steinbrotet slik til at det er godt skjerma og difor lite syn leg frå kringliggjande busetnad. Den sørlege delen av brotet har vegetasjonsskjerm mot vegen. Resten av brotet vert skjerma av ein voll etablert av dei opphavlege avdekkingsmassane.

Det er to tilkomstvegar inn i brotområdet, både frå kommunale Skjenavegen i aust og ein tilkomstveg i aust. Alle tilkomstvegane er skilta med fareskilt.

Når det gjeld trafikk er det ikkje venta at mengda trafikk vil auke utover slik det er i dag.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: naturstein, blokkstein, skifer og murestein og noko knusast til pukk og grupperast difor som byggjeråstoff. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av, det vil seie stein til bruk i uteareal, bygningar og monument. Pukkprodykta nyttast tilbygg, vegar og anlegg

Uttaket sysselset fleire tilsette og bidreg til å halde oppe sysselsetjinga i lokalsamfunnet/distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Ifølgje driftsplanen er etterbruksføremålet til området primærnærings, eventuelt anna nærings. Etter avslutta uttak skal tiltakshavaren rydde brotet. Skrentar og skjeringar skal vere sikra gjennom etablering av sikringshyller og stabile veggvinklar som etablerast under drift. Gjerdene som er knytt til husdyrdrift skal bli ståande og er meint å fungere som sikring. Den eine tilkomstvegen i inn i brotet skal lukkast, mens port vert erstatta med gjerde. Sikringshyllene/-pallane skal dekkast med eit tynt jordlag og plantast til med stadeigne artar. Tiltakshavar planlegg å ha samanhengande pallar mellom vest og nord og sør i brotet, men tiltakshavar skisserer også at det kan



bli aktuelt å rydde kanten slik at den vert ei samanhengande skråning med same fall som naturleg i området. Skråninga vil i så fall verte reinska. Eksisterande skjerming mot vegen skal oppretthaldast. Der dei opphavlege avdekkingsmassane ligg i dag, skal det bli planta til ny vegetasjon som skal fungera som skjerming/grøntareal. Skrot- og avdekkingsmassar skal ifølgje tiltakshavaren nyttast som dyrkingsmassar til landbruksetterbruk av steinbrotet og landbruksareala rundt. Ei klargjering av området til landbruksføremål vil innebera planering og drenering. Ifølgje tiltakshavaren vil dyrkingslaget vert om lag 25-30 cm tjukt. Overflødig dyrkingsmasse frå mellomlagringa vil bli nytta til å auke jordkvaliteten på tilgrensande landbruksareal. Tiltakshavaren vil også fjerne mellombels bygg som fungerer som kombinert brakkerigg og verkstadhall, med mindre bygga kan ha ein funksjon for etterbruken av området.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren føreslår at dei skal stille økonomisk sikkerheit ved bankgaranti samt oppbygging ved fondsavsetning til sperra konto. Tiltakshavaren føreslår å avsette NOK 40 000,- årleg over minimum 5 år. Dei har teke utgangspunkt i forventa kostnader (samt økonomisk buffer) for istandsetting av uttaksområdet (drenering, beplantning samt ytterlegare sikringsarbeid).

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Når DMF reiknar på økonomisk sikkerheit, tek vi utgangspunkt i ein situasjon der tiltakshavar har gått konkurs og difor ikkje kan stå for oppryddings- og sikringsarbeida sjølv. Det sentrale omsynet bak reglane om økonomisk sikkerheit er å sørge for at grunneigar, kommunale mynde og samfunnet elles kan vere trygge på at området vert rydda opp, sjølv om tiltakshavaren skulle bli ramma av ein eventuell konkurs. Den økonomiske sikkerheita tek høgde for at andre enn tiltakshavaren skal gjere vurderingane av naudsynte tiltak i samband med istandsetting i tråd med etterbruksføremålet, samt at det må leigast inn eksterne arbeidskrefter for å utføre det faktiske arbeidet med opprydding og sikring.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 370 000,- for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på: kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarende uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.



### 5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti–oppstartsfase*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 342 500,-. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 342 500. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 342 500, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 370 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,69 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på litt i overkant av 20 år, det vil seie NOK 68 445,- per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 40 500 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,69 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.



### 5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivas kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

### 5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

## 6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.



### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### **Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonsleiar

Stine Borge Nordskog  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*



Sakshandsamar: Stine Borge Nordskog

Vedlegg:

10204457-PL-BREV-003\_Svar til høyringsinnspel - Didrik R. Opsal.pdf

Karmøy Na turstein AS - Hillesland steinbrot - Svar til høyringsinnspel - Fylkesmannen i Rogaland.msg

Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse\_Hillesland\_Skjenet.docx

Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav\_Hillesland\_Skjenet.docx

Påkravsgaranti\_Hillesland\_Skjenet.docx

Konsesjonsområde\_Hillesland\_Skjenet.pdf

Godkjent driftsplan\_Hillesland\_Skjenet.pdf

Adresseliste\_Hillesland\_Skjenet.pdf

Mottakarakar:

Karmøy Na turstein AS

Hilleslandvegen 160

4280 SKUDENESHAVN

Kopi til:

Adresseliste